



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	kommunestyresalen
Dato:	25.06.2026
Tid:	klokka 18.00 - 20.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Kai-Runar Svarstad	AP	medlem
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Bernt Brandal (p)	FOHA	ordfører
Einar Jarle Måseide	FOHA	medlem
Ivar Karl Liaset	FOHA	medlem
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Pravin Selva	FOHA	medlem
Endre Hammervold	FRP	medlem
Jeanette Teigene	FRP	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører
Robert Holstad Flø	H	medlem
Wenche J. H. Jøsok	H	medlem
Ståle Liavåg	INP	medlem
Øyvind Grimstad	INP	medlem
Annika Brandal	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Annika Hove	FOHA	Joachim Martin Moldskred	UAV
Kjetil Nettet	FOHA	Linn Wingsternes	FOHA
Kristine Utgård Rolfsrud	FOHA	Jeanette Klungsøyr Roset	FOHA
Ranja Dimmen Alme	FOHA	Björg Bakke Holstad	FOHA
Thor Ove Rekdal Nedrelid	FOHA	Daniel Teigene	UAV
Øyvind Grimstad Gryt	FOHA	Kristine Hareide	FOHA

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Bjørnar Haddal, økonomileiar

- Melinda Skeide, einingsleiar kultur
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Møte slutt: 20.00

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 52/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/926
PS 53/26	Godkjenning av protokoll	26/926
PS 54/26	Orienteringar og spørsmål	26/926
PS 55/26	Referatsaker	26/926
PS 62/26	Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar	24/783
PS 56/26	Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029	25/1285
PS 57/26	Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid	25/231
PS 58/26	Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)	24/438
PS 59/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	26/786
PS 60/26	Nivå på budsjettering i budsjett og økonomiplan	25/963
PS 61/26	Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune	26/566
PS 63/26	Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring	26/234
PS 64/26	Vedlikehald av Åsenvegen	26/520

Hareid, 02.07.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 52/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend utan merknad. Saklista blei godkjend med følgjande justering: Sak 62/26 om omsorgsbustadar ROP vert handsama etter dei faste møtesakene.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremja forslag om at sak 62/26 om omsorgsbustadar ROP vert handsama etter dei faste møtesakene.
Samrøystes

PS 53/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 54/26 Orienteringar og spørsmål

Vedtak:

Det var ingen orienteringar i møtet.

Behandling:

Det var ingen orienteringar i møtet.

PS 55/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
14/26	Protokoll frå representantskapsmøte Vest kontroll kommunalt oppgåvefelleskap 21.05.2026
15/26	Månadsrapport pr. mai 2026 - referatsak til kommunestyret

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

Samrøystes

PS 62/26 Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar**Vedtak:**

Saka vert sendt attende til kommunedirektøren for ei avgrensa tilleggsutgreiing og vidare sondering av aktuelle tomtealternativ.

Kommunestyret ber om at det vidare arbeidet byggjer på følgjande føringar:

1. Det skal vurderast om dei tre bustadane kan plasserast samla, dersom dette samla sett gir best løysing for brukarane, drift, oppfølging, teknisk gjennomføring og økonomi. Ei 2+1-løysing skal framleis kunne vurderast dersom den faglege vurderinga tilseier det, men kommunestyret ønskjer ikkje å låse løysinga til 2+1 no.
2. Tomter som er planavklarte eller raskt kan realiserast, og der vatn, avløp, straum og anna nødvendig infrastruktur er tilgjengeleg eller enkelt kan etablerast, skal prioriterast.
3. Det skal leggjast særleg vekt på ro, tryggleik, skjerming, gode trafikktilhøve, naturleg tilgang for naudetatar og oppfølgingstenester, samt tilstrekkeleg nærleik til kollektivtilbod og nødvendige funksjonar.
4. Tomt 2/Hjellebakken og tomt 11 vert ikkje vidareført som prioriterte.
5. Kommunedirektøren skal også vurdere andre aktuelle tomter enn dei 13 som er omtala i saka. Dersom konkrete opplysningar om slike tomter, partar eller økonomiske rammer kan svekke kommunen sin forhandlingsposisjon, skal dette handterast i tråd med reglane om innsyn og møteoffentlegheit.
6. Ny sak skal leggjast fram for politisk handsaming så raskt som mogleg, med vurdering av lokalisering, kostnad, framdrift, tilskotsrisiko, brukaromsyn, nabodialog og eventuelle behov for kjøp eller leige av grunn.

Komunedirektøren vert samstundes beden om å starte arbeidet med rullering av bustadpolitisk handlingsplan, med ein tydeleg bustadsosial del. Arbeidet skal gå parallelt med den konkrete tomtevurderinga for ROP-bustadane, slik at denne saka vert sett inn i ein større og meir langsiktig bustadpolitisk samanheng.

Behandling:**Gildskap**

Jeanette Teigene (FRP) tok opp spørsmål ved gildskapen sin knytt til saka. Ho byggjer hus i nabolaget til ein av dei foreslåtte lokasjonane.

Jeanette Teigene trådde ifrå.

20 voterande.

Administrasjonen si vurdering er at Jeanette Teigene er gild, då det ikkje vert vurdert som eit særeigent forhold som er eigna til å svekke tilliten til at ho er upartisk og heller ingen særleg ulempe, tap, eller fordel for ho i saka, jamfør forvaltningslovens paragraf 6 andre ledd.

Røysting: samrøystes funnen gild.
Jeanette Teigene kom tilbake i møtet.

Behandling:

Varaordfører Oskar Grimstad (FRP) fremja eit tilbakesendingsframlegg:

Saka vert sendt attende til kommunedirektøren for ei avgrensa tilleggsutgreiing og vidare sondering av aktuelle tomtealternativ.

Kommunestyret ber om at det vidare arbeidet byggjer på følgjande føringar:

1. Det skal vurderast om dei tre bustadane kan plasserast samla, dersom dette samla sett gir best løysing for brukarane, drift, oppfølging, teknisk gjennomføring og økonomi. Ei 2+1-løysing skal framleis kunne vurderast dersom den faglege vurderinga tilseier det, men kommunestyret ønskjer ikkje å låse løysinga til 2+1 no.
2. Tomter som er planavklarte eller raskt kan realiserast, og der vatn, avløp, straum og anna nødvendig infrastruktur er tilgjengeleg eller enkelt kan etablerast, skal prioriterast.
3. Det skal leggjast særleg vekt på ro, tryggleik, skjerming, gode trafikktilhøve, naturleg tilgang for naudetatar og oppfølgingstenester, samt tilstrekkeleg nærleik til kollektivtilbod og nødvendige funksjonar.
4. Tomt 2/Hjeltebakken og tomt 11 vert ikkje vidareført som prioriterte.
5. Kommunedirektøren skal også vurdere andre aktuelle tomter enn dei 13 som er omtala i saka. Dersom konkrete opplysningar om slike tomter, partar eller økonomiske rammer kan svekke kommunen sin forhandlingsposisjon, skal dette handterast i tråd med reglane om innsyn og møteoffentlegheit.
6. Ny sak skal leggjast fram for politisk handsaming så raskt som mogleg, med vurdering av lokalisering, kostnad, framdrift, tilskotsrisiko, brukaromsyn, nabodialog og eventuelle behov for kjøp eller leige av grunn.

Kommunedirektøren vert samstundes beden om å starte arbeidet med rullering av bustadpolitisk handlingsplan, med ein tydeleg bustadsosial del. Arbeidet skal gå parallelt med den konkrete tomtevurderinga for ROP-bustadane, slik at denne saka vert sett inn i ein større og meir langsiktig bustadpolitisk samanheng.

Gruppermøte etter forslag frå Annika Brandal (V).

Einar Måseide (FOHA) fremja to endringsframlegg:

1. Fjerne første setning i punkt 1 av tilbakesendingsframlegget som handlar om å plassere alle 3 bustadane på ei tomt.
2. I punkt 4 av tilbakesendingsframlegget held vi fram med vidareføring av tomt 11 i vurderinga vidare.

Wenche Johanne Holstad Jøsok (H) fremja eit tilleggsframlegg:

Hareid Høgre ynskjer at administrasjonen vurderer å selje ROP boligane, slik dei står, medan prosessen med å finne egnete tomter pågår.

Røysting:

Tilbakesendingsframlegget frå Oskar Grimstad: vedtatt mot 3 røyster (Joachim Moldskred (UAVH), Wenche Johanne Holstad Jøsok (H) og Torill Oda Ringstad (AP)).

Endringsframlegg nr 1 frå Einar Måseide: 1 røyst for (Einar Måseide FOHA) og 20 røyster mot.

Endringsframlegg nr 2 frå Einar Måseide: 4 røyster for (Einar Måseide FOHA, Pravin Selva FOHA, Kristian Fuglseth FOHA og Ivar Karl Liaset FOHA) og 17 røyster mot.

Tilleggsframlegg frå Wenche Johanne Holstad Jøsok: 6 røyster for (Joachim Moldskred (UAVH), H, INP og Kai-Runar Svarstad (AP)) og 15 røyster mot

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 72/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

Kommunestyret vedtek følgjande prioritering som plassering:

- tomt 2
- tomt 11
- tomt 5

PS 56/26 Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029**Vedtak:**

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 68/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

PS 57/26 Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid**Vedtak:**

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 66/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

PS 58/26 Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)**Vedtak:**

Kommunestyret vedtek i medhald av pbl §12-12 framlegg til Detaljregulering Syverplassen barnehage planID 20240001, med plankart sist revidert 20.04.2026 og med tilhøyrande føresegner sist revidert 20.04.2026.

Kommunestyret opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 19850002 som PlanID 20240001 dekker.

Behandling:**Gildskap**

Øyvind Grimstad (INP) stilte spørsmål rundt sin habilitet. Kommunestyret fann samrøystes at Grimstad var ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd, fordi sambuaren eig eigedom innanfor planområdet.

Ståle Liavåg (INP) stilte spørsmål rundt sin habilitet. Kommunestyret fann samrøystes at Liavåg var ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd, fordi sambuaren eig eigedom innanfor planområdet.

Grimstad og Liavåg fråtredde under handsaming av saka. Det var 19 voterande i saka.

Røysting:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 67/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek i medhald av pbl §12-12 framlegg til Detaljregulering Syverplassen barnehage planID 20240001, med plankart sist revidert 20.04.2026 og med tilhøyrande føresegner sist revidert 20.04.2026.

Kommunestyret opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 19850002 som PlanID 20240001 dekker.

PS 59/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane**Vedtak:**

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 69/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

PS 60/26 Nivå på budsjettering i budsjett og økonomiplan

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på einingsnivå.

Kommunestyret legg til grunn at tillitsvalde frå alle arbeidstakarorganisasjonane vert involverte i arbeidet med å setje hovuddrammene for budsjettarbeidet og eventuelle omorganiseringar i tråd med avtaleverket. Det skal på førehand etablerast felles køyrereglar for prosessen og skapast ei delt forståing av kva omstillingar som allereie er gjennomførte og kva arbeid som står att i einingane. Målet er å sikre ein inkluderande prosess prega av felles forståing, og å førebyggje at ulike tilsettgrupper vert sette opp mot kvarandre.

Behandling:

Kistian Fuglseth FOHA fremja endringsframlegg:

presisering punkt 2, første setning

Kommunestyret *legg til grunn* at tillitsvalde frå alle arbeidstakarorganisasjonane vert involverte i arbeidet med å setje hovuddrammene for budsjettarbeidet og *eventuelle omorganiseringar i tråd med avtaleverket*.

Wenche Johanne Holstad Jøsok (H) og Annika Brandal fremja kommunedirektøren si tilråding til vedtak.

Røysting:

Forslaga blei sett opp mot kvarandre.

Innstilling frå formannskapet: 15 røyster for (FOHA, Daniel Hauge Teigene UAV, FRP og INP

Forslaget frå Wenche Johanne Holstad Jøsok (H) og Annika Brandal: 6 røyster for (V, H, AP og Joachim Moldskred (UAV)

Endringsframlegg frå Kristian Fuglseth: samrøystes

Kommunedirektøren si tilråding: Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på sektornivå.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 75/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på einingsnivå.

Kommunestyret krev at tillitsvalde frå alle arbeidstakarorganisasjonane vert involverte i arbeidet med å setje hovuddrammene for budsjettarbeidet på eit tidleg stadium. Det skal på førehand etablerast felles køyrereglar for prosessen og skapast ei delt forståing av kva omstillingar som allereie er gjennomførte og kva arbeid som står att i einingane. Målet er å sikre ein inkluderande prosess prega av felles forståing, og å førebyggje at ulike tilsettgrupper vert sette opp mot kvarandre.

PS 61/26 Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune

Vedtak:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjend slik han ligg føre.
2. Kommunestyret tek til vitande at prognosen for 2026 viser eit meirforbruk på om lag 13 mill. kroner dersom det ikkje vert sett i verk nye tiltak. Kommunestyret ser alvorleg på utviklinga og understrekar at den økonomiske situasjonen krev stram styring, tydelege prioriteringar og jamleg vurdering av korrigerande tiltak.

3. Kommunestyret legg til grunn at administrasjonen vidarefører arbeidet med stram økonomistyring og jamleg kostnadskontroll innanfor alle sektorar og einingar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere og, innanfor delegert mynde, gjennomføre tiltak som kan redusere meirforbruket i 2026. Tiltak som krev politisk behandling, skal leggjast fram for politisk nivå så snart dei er tilstrekkeleg utgreidde.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren særleg vurdere om nokre av tiltaka og prioriteringane som vart drøfta i rammekonferansen, kan framskundast eller delvis setjast i verk allereie i 2026.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, som del av arbeidet med å redusere meirforbruket på eigedomsområdet, vurdere om nivået på kommunale utleigesatsar står i rimeleg forhold til kostnadene ved drift, vedlikehald og fornying av den kommunale bygningsmassen.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram konkrete og realistiske tiltak for varig økonomisk balanse i samband med arbeidet med budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.
8. Kommunestyret ber om at utviklinga i økonomien vert følgd tett opp, og at det vert rapportert særskilt om status for tiltak, risiko og prognose i neste tertialrapport.

Behandling:

Innstilling frå formannskapet 25.06.2026, foreslått av ,

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjend slik han ligg føre.
2. Kommunestyret tek til vitande at prognosen for 2026 viser eit meirforbruk på om lag 13 mill. kroner dersom det ikkje vert sett i verk nye tiltak. Kommunestyret ser alvorleg på utviklinga og understrekar at den økonomiske situasjonen krev stram styring, tydelege prioriteringar og jamleg vurdering av korrigerande tiltak.
3. Kommunestyret legg til grunn at administrasjonen vidarefører arbeidet med stram økonomistyring og jamleg kostnadskontroll innanfor alle sektorar og einingar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere og, innanfor delegert mynde, gjennomføre tiltak som kan redusere meirforbruket i 2026. Tiltak som krev politisk behandling, skal leggjast fram for politisk nivå så snart dei er tilstrekkeleg utgreidde.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren særleg vurdere om nokre av tiltaka og prioriteringane som vart drøfta i rammekonferansen, kan framskundast eller delvis setjast i verk allereie i 2026.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, som del av arbeidet med å redusere meirforbruket på eigedomsområdet, vurdere om nivået på kommunale utleigesatsar står i rimeleg forhold til kostnadene ved drift, vedlikehald og fornying av den kommunale bygningsmassen.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram konkrete og realistiske tiltak for varig økonomisk balanse i samband med arbeidet med budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.
8. Kommunestyret ber om at utviklinga i økonomien vert følgd tett opp, og at det vert rapportert særskilt om status for tiltak, risiko og prognose i neste tertialrapport.

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 63/26 Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar og saker av felles interesse.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement.
4. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 71/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar og saker av felles interesse.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement.
4. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

PS 64/26 Vedlikehald av Åsenvegen

Vedtak:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si innstilling.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2026 - 77/26

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.